

Notat 2004–2

*Økonomien i jordbruket på Vestlandet*  
*Økonomien i økologisk sauehald*

## **Trender og økonomisk utvikling 1993–2002**

### **Tabellsamling**

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| <b>Tittel</b>       | Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Økonomien i økologisk sauehald. Trendar og økonomisk utvikling 1993–2002. Tabell-samling |
| <b>Utgiver</b>      | Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)  |
| <b>Utgiversted</b>  | Oslo   |
| <b>Utgivelsesår</b> | 2004   |
| <b>Antall sider</b> | 80   |
| <b>ISBN</b>         | 82-7077-554-1  |
| <b>ISSN</b>         | 0805-9691  |

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. I tillegg har det vore stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 178 bruk frå Vestlandet i granskinga, om lag 60 bruk frå kvart fylke. Dei økonomiske dataene i 10-årstrendane i kapittel tre, er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

I år har er det også med eit eige kapittel om økonomien i økologisk sauehald på Vestlandet.

Frå og med år 2002 er det føreteke ei rekneskapsmessing endring i materialet ved at det ikkje er blitt sett inn verdi for gratisarbeid utført av slektningar eller andre. Denne endringa påverkar storleiken på driftsoverskotet i jordbruket og i skogbruket, samt nettoinntekta.

Notatet er utarbeida av Jon Sværen og Ane Margrethe Lyng ved distriktskontoret i Bergen. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, januar 2004

Leif Forsell



# Innhald

---

|       |   |    |
|-------|---|----|
| 1     | INNLEIING.....  | 1  |
| 2     | ØKONOMIEN I ØKOLOGISK SAUEHALD .....                        | 3  |
| 2.1   | Bakgrunn.....   | 3  |
| 2.2   | Inndeling av materialet og definisjonar .....               | 3  |
| 2.3   | Økonomisk analyse.....                                      | 4  |
| 2.3.1 | Tal vfs.....  | 4  |
| 2.3.2 | Areal og tilgang på grovfôr .....                           | 4  |
| 2.3.3 | Produksjonsinntekter og -kostnader .....                    | 5  |
| 2.4   | Oppsummering.....   | 13 |
| 3     | TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....           | 15 |
| 3.1   | Resultatmål i jordbruket.....                               | 15 |
| 3.1.1 | Driftsoverskot .....  | 15 |
| 3.1.2 | Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk.....         | 18 |
| 3.1.3 | Lønsevne per time .....                                     | 19 |
| 3.2   | Effektivitetsutviklinga i jordbruket dei siste 10 åra ..... | 21 |
| 3.3   | Totaløkonomien på vestlandsbruka .....                      | 23 |
| 3.3.1 | Nettoinntekt .....  | 23 |
| 3.3.2 | Skogbruket.....   | 25 |
| 3.4   | Soliditet.....  | 26 |
| 3.4.1 | Eigenkapitalprosent .....                                   | 26 |
| 3.4.2 | Gjeld .....   | 28 |
| 3.5   | Nettoinvestering.....                                       | 29 |
| 4     | DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2002 .....      | 31 |
| 5     | TABELLSAMLING 1998–2002.....                                | 35 |

## Figurar

|            |   |    |
|------------|---|----|
| Figur 2.1  | Tal vfs. i gjennomsnitt for alle gruppene .....                                       | 4  |
| Figur 2.2  | Driftsoverskot per vfs. for dei einskilde gruppene .....                              | 5  |
| Figur 2.3  | Gjennomsnittleg lønsinntekt i kr for brukaren .....                                   | 6  |
| Figur 2.4  | Faste kostnader i kr for øko-sauebruka, åra 2001/ 02 .....                            | 7  |
| Figur 2.5  | Prosentvis fordeling av dei faste kostnadene .....                                    | 8  |
| Figur 2.6  | Variable kostnader for øko-sauebruka .....  | 8  |
| Figur 2.7  | Prosentvis fordeling av dei variable kostnadene .....                                 | 9  |
| Figur 2.8  | Produksjonskostnader i kr for alle gruppene .....                                     | 10 |
| Figur 2.9  | Tal lammeslakt per vfs. ....  | 10 |
| Figur 2.10 | Tal saueslakt per vfs. ....   | 11 |
| Figur 2.11 | Kilopris på lamme- og sauekjøt og ull .....   | 11 |
| Figur 2.12 | Produksjonsinntekter i kr per vfs. ....   | 12 |
| Figur 2.13 | Produksjonsinntekter og tilskot for alle gruppene .....                               | 12 |
| Figur 3.1  | Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet .....                                   | 16 |
| Figur 3.2  | Driftsoverskot per bruk i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka .....            | 17 |
| Figur 3.3  | Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper .....                     | 18 |
| Figur 3.4  | Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet .....           | 18 |
| Figur 3.5  | Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for dei ulike storleiksgrupper .....  | 19 |
| Figur 3.6  | Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for dei ulike driftsformene .....     | 19 |
| Figur 3.7  | Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet .....                            | 20 |
| Figur 3.8  | Lønsevne per time for dei tre vestlandsfylka .....                                    | 20 |
| Figur 3.9  | Lønsevne per time for dei ulike driftsformene .....                                   | 21 |
| Figur 3.10 | Tal arbeidstimar i middel per bruk for produksjonane mjølk, sau og mjølk/ gris. ....  | 22 |
| Figur 3.11 | Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet .....               | 23 |
| Figur 3.12 | Nettoinntekt i middel per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ..... | 24 |
| Figur 3.13 | Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Hordaland .....            | 24 |
| Figur 3.14 | Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Sogn og Fjordane .....     | 25 |
| Figur 3.15 | Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Møre og Romsdal .....      | 25 |
| Figur 3.16 | Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet .....                              | 26 |
| Figur 3.17 | Eigenkapitalprosent for vestlandsfylka .....  | 27 |
| Figur 3.18 | Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene .....                                 | 27 |
| Figur 3.19 | Gjeld i middel per bruk for heile landet og vestlandsfylka .....                      | 28 |
| Figur 3.20 | Gjeld i middel per bruk for dei ulike driftsformene .....                             | 29 |
| Figur 3.21 | Nettoinvesteringar for Vestlandet og dei tre vestlandsfylka .....                     | 29 |
| Figur 3.22 | Nettoinvesteringar for dei ulike driftsformene .....                                  | 30 |

## Tabellar

|            |   |    |
|------------|---|----|
| Tabell 2.1 | Tal daa grovfôr og grovfôropptak per vfs., år 2002 .....  | 5  |
| Tabell 3.1 | Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma mjølk/ gris .....  | 22 |
| Tabell 3.2 | Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma mjølk .....  | 22 |
| Tabell 3.3 | Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma sau .....  | 23 |
| Tabell 4.1 | Samla oversikt for 2002 .....   | 33 |
| Tabell 4.2 | Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk à 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2002 ..... | 33 |

# Tabellsamling

|           |  |    |
|-----------|--|----|
| Tabell 1  | Landsdeltal, Vestlandet .....  | 36 |
| Tabell 2  | Fylkestal, Hordaland.....  | 39 |
| Tabell 3  | Fylkestal, Sogn og Fjordane .....                                      | 42 |
| Tabell 4  | Fylkestal, Møre og Romsdal.....  | 45 |
| Tabell 5  | Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer.....   | 48 |
| Tabell 6  | Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa) alle driftsformer.....     | 51 |
| Tabell 7  | Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer ..... | 54 |
| Tabell 8  | Vestlandet, storleiksgruppe IV (200-300 daa), alle driftsformer.....   | 57 |
| Tabell 9  | Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer.....   | 60 |
| Tabell 10 | Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon.....                        | 63 |
| Tabell 11 | Vestlandet, driftsformer, sauehald.....                                | 66 |
| Tabell 12 | Vestlandet, driftsformer, geitehald .....                              | 69 |
| Tabell 13 | Vestlandet, driftsformer mjølk og svin.....                            | 72 |
| Tabell 14 | Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau .....                           | 75 |
| Tabell 15 | Vestlandet, driftsformer, frukt.....                                   | 78 |





# 1 Innleiing

---

Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra, med hovudvekt på rekneskapsåret 2002.

Økonomien i økologisk sauehald på Vestlandet er tema i kapittel to. Kapittel tre syner utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Fjerde kapittel er pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2002.

Kapittel fem i tabellsamlinga inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne bolken er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.



## 2 Økonomien i økologisk sauehald

---

### 2.1 Bakgrunn

Ein av målsetjingane for økologisk landbruk er å arbeide for at økologisk drift skal gje grunnlag for ein trygg økonomi for utøvarane<sup>1</sup>

Denne artikkelen er eit førebels utdrag av ei større undersøking om økonomien i økologisk sauehald, og tar for seg rekneskapsåra 2001–2002. Frå desse to åra har vi tal frå 12 økologiske sauebruk frå Vestlandet.

### 2.2 Inndeling av materialet og definisjonar

Omgrepet vinterfôra sauer (vfs) blir nytta i dei fleste tabellane. Vfs. er tal sauer brukaren har per 1. mars, som også er teljedatoen som vert nytta av SLF når det skal reknas dyretilskot. Brukaren er den som administrer driftseininga.

Bruka er inndelt i to grupper. Gruppe 1 er gjennomsnittet av bruk med mindre enn 60 vfs., gruppe 2 er gjennomsnittet av bruk med 60 eller fleire vfs. I gruppe ein er det fem bruk, og i gruppe to sju bruk. Gruppene vil vert omtalt høvesvis som øko-sau gruppe 1 og øko-sau gruppe 2.

Det er også med ei samanlikningsgruppe som består av 20 bruk som driv konvensjonell sauedrift. Denne gruppa er delt inn etter dei same kriteria som øko-sau bruka. Gruppene vil omtalast som sau gruppe 1, og sau gruppe 2. Dersom gruppene vert omtalt som berre gruppe 1 (2), inkluderer gruppa både øko-sau gruppe 1 (2) og sau gruppe 1 (2).

Det er viktig å merke seg at gruppene er små. Større investeringar, store omleggingstilskot etc. hjå enkeltbruk vil gje utslag på tala.

---

<sup>1</sup> Anne–Kristin Løes m. fl.«Omlegging til økologisk landbruk» Norsk senter for økologisk landbruk og A/S Landbruksforlaget 1996


Hovudmål med denne artikkelen er å vise resultat og utvikling i økonomien i økologisk saueproduksjon på Vestlandet over ein periode på to år, samt å samanlikne resultat med konvensjonelt drivne sauebruk. Vi vil også sjå på areal, avling og bruk av fôr.

## 2.3 Økonomisk analyse

Den økonomiske analysen er tredelt; tal vfs., bruk av areal og produksjonskostnader og – inntekter.

### 2.3.1 Tal vfs.

Gruppe 1 har om lag 40 vfs. i gjennomsnitt, medan gruppe 2 har mellom 90 og 100 vfs. i gjennomsnitt. Figur 2.1 viser at det har vore ein liten nedgang i tal vfs. for øko-sau gruppene frå 2001 til 2002.



Figur 2.1 Tal vfs. i gjennomsnitt for alle gruppene

### 2.3.2 Areal og tilgang på grovfor

I ei økologisk driftsform er det ønskeleg å vere mest mogleg sjølvforsynt med fôr. Minst 60 % av føret rekna i energiinnhald og på årsbasis, skal være grovfôr<sup>2</sup>. Det er derfor viktig at øko-bruka har nok tilgang på grovfôr, og at grovføret held høg kvalitet. I våre berekningar nyttar vi faste satsar på grovfôr og beite når vi bereknar FEm. Høy har faktor 0,65 FEm per kg, surfôr og ferskt gras har faktor 0,18, medan sauer på vårbeite har faktor 2,2 FEm per dag. Sau og lam har faktor 0,8 FEm per dag på haustbeite.

Jamfør våre tal har gruppe 1 høgaste FEm innhald i grovføret per vfs. i høve til gruppe 2 (tabell 2.1), trass i at dei har mindre daa grovfôr per vfs. Ein forklaring er at bruka i gruppe 2 har dyra lengre på utmarksbeite, og dyra har derfor eit lågare fôropptak på innmarka. Øko-sauen i gruppe 2 får meir kraftfôr per vfs., enn øko-sau gruppe 1. Mengde innkjøpt kraftfôr

<sup>2</sup> kjelde: Sau og Geit 5/03

varierer svært mykje mellom bruka i dei to gruppene. Nokre brukar mykje kraftfôr, og andre brukar ikkje kraftfôr.

Tabell 2.1 Tal daa grovfor og grovforopptak per vfs., ar 2002

| Per vf. sau/<br>Gruppe | Tal daa | Grovfor i<br>Fem | Tal beitedagar<br>innmarksbeite | Kraftfôr i kg | Tal beitedagar<br>Utmarksbeite |
|------------------------|---------|------------------|---------------------------------|---------------|--------------------------------|
| Øko-sau gruppe 1       | 1,80    | 404              | 110                             | 25            | 154                            |
| Øko-sau gruppe 2       | 2,04    | 372              | 101                             | 38            | 190                            |
| Sau gruppe 1           | 1,17    | 448              |                                 |               |                                |
| Sau gruppe 2           | 1,31    | 353              |                                 |               |                                |


### 2.3.3 Produksjonsinntekter og -kostnader

#### Driftsoverskot

Driftsoverskot er definert som produksjonsinntekter minus produksjonskostnader.


Driftsoverskotet er på om lag kr 900 i gjennomsnitt per vfs. for bruka i øko-sau gruppe 2 i 2001, og aukar til litt over kr 1 000 i 2002 (figur 2.2). For øko-sau gruppe 1, er driftsoverskotet i 2002 på om lag kr 300. Denne gruppa har, i motsetning til gruppe 2, hatt ein reduksjon frå 2001 til 2002. Det er fleire årsaker til det låge driftsoverskotet for bruka i øko-sau gruppe 1 i høve til bruka i øko-sau gruppe 2, og det vil vi komme tilbake til under kap. 0 og 0. Det er også andre høve som kan verke inn på resultata, som til dømes kor mykje brukaren arbeider ved sida av drifta (sjå figur 2.2).

Samanlikningsgruppene har eit lågare driftsoverskot, og årsaka til det ligg i all hovudsak i tilskotsordninga for øko-bruka, som vi skal sjå seinare.



Figur 2.2 Driftsoverskot per vfs. for dei ein-skilde gruppene

Det er mange av brukarane som hentar inntekt utanom bruket (*figur 2.3*). Det kan sjå ut som at øko-bøndene i gruppe 1 har full jobb ved sida av drifta. For øko-sau gruppe 2 er inntekt henta utanom bruket mykje lågare (i tillegg til lønsarbeid kjem eventuelle anna næring/ tilleggsnæring og inntekter frå skogen).



Figur 2.3 Gjennomsnittleg lønsinntekt i kr for brukaren


## Produksjonskostnader

### Faste kostnader

Faste kostnader er definert som kostnader som ikkje endrar seg nemneverdig med omfanget av produksjonen.


Figur 2.4 viser eit utval av dei faste kostnadene per vfe. øko-sau. Som venta vert dei faste kostnadene redusert per vfe. med aukande tal sau, med unnatak av leigd arbeid og maskinleige/ privatbil i jordbruket. Det kan sjå ut som at desse kostnadene varierer med tal vfe. Lønskostnadene for øko-sau gruppe 2 var i 2001 mykje høgare enn i 2002. Årsaka til det var at to av brukarane i denne gruppa hadde dobbelt så høge lønskostnader dette året.

Variasjonane i vedlikehaldskostnadene frå 2001 til 2002 i øko-sau gruppe 2, har årsak i store vedlikehaldskostnader på enkeltbruk i 2002.



Figur 2.4 Faste kostnader i kr for øko-sauebruka, åra 2001/ 02

Figur 2.5 viser prosentvis fordeling av dei faste kostnadene, fordelt på øko-sauebruka og dei konvensjonelle bruka. Det er brukarane i øko-sau gruppe 1 som i snitt har dei høgaste kostnadene. Elles kan det sjå ut som at øko-sauebruka til saman har noko høgare kostnadsnivå enn dei konvensjonelle bruka.




Figur 2.5 Prosentvis fordeling av dei faste kostnadene

#### Variable kostnader

Variable kostnader vert definert som kostnader som varierer med omfanget av produksjonen.

Av figur 2.6 kan vi sjå at førkostnadene er høgast for brukarane i øko-sau gruppe 1, men at skilnaden mellom øko-sau gruppene er redusert i 2002. Dei høge grovførkostnadene for gruppe 1 i 2001, har bakgrunn i eit svært høgt fôrinnkjøp hjå den eine brukaren i gruppa dette året.


Vi ser at også her har øko-sau gruppe 1 eit jamt over høgare kostnadsnivå enn øko-sau gruppe 2.



Figur 2.6 Variable kostnader for øko-sauebruka



I figur 2.7 har vi teke med samanlikningsgruppene. Som forventa er dei variable kostnadene mykje lågare hjå øko-sau bruka, med unnatak av grovfôrkostnadene. Det er berre øko-sau gruppe 1 som har kjøpt grovfôr i 2001.




Figur 2.7 Prosentvis fordeling av dei variable kostnadene

### Produksjonskostnader for alle gruppene

Det er brukarane i øko-sau gruppe 1 som har det høgaste kostnadsnivået per vfs., i høve til dei andre tre gruppene (figur 2.8). Hovudårsaka er at dei fleste bøndene i øko-sau gruppe 1 har sau som attåtnæring ved sida av full jobb. Dei har derfor både evne og vilje til å investere i utstyr som gjer jobben meir effektivt, trass i at dette ikkje er lønsam drift. Investert kapital står derfor ofte ikkje i forhold til produksjonsomfanget.

Bruka i øko-sau gruppe 2 har dei lågaste produksjonskostnadene, og det er med å forklarar skilnaden i driftsoverskot.




Figur 2.8 Produksjonskostnader i kr for alle gruppene


## Produksjonsinntekter

### Omsetning

Det er i sau gruppe 2 at det vert slakta flest lam per vfs. (figur 2.9). Gruppe 1 slaktar flest sauer (figur 2.10). Det kan tyde på at bruka i gruppe 1 har noko høgare påsett av lamma enn bruka i gruppe 2 har. Nokre av bruka i økogruppene driv og byggjer opp produksjonen. Det vil gje utslag på tala i form av redusert omsetning.




Figur 2.9 Tal lammeslakt per vfs.



Figur 2.10 Tal saueslakt per vfs.

### Produksjonsprisar


Det er små skilnader i pris på lammekjøtt hjå øko-sauebruka og hjå dei konvensjonelle bruka (figur 2.11). Det er noko overraskande då øko-sauebruka kan få eit avtaletillegg på opptil kr 3 per kg. Brukarane i øko-sau gruppe 1 får lågast pris for lammekjøttet, men høgast pris for sauekjøtet.



Figur 2.11 Kilopris på lamme- og sauekjøtt og ull


Figur 2.12 viser produksjonsinntekter for alle gruppene. Det er store variasjonar mellom gruppene, avhengig av kvantum og kg pris.

Sal av livdyr utgjer ein svært liten del av produksjonsinntektene for alle gruppene.



Figur 2.12 Produksjonsinntekter i kr per vfs.

Tilskota per vfs. er høgast for øko-sauebruka, og ligg på mellom kr 1 500 og 2 200 for perioden (figur 2.13). Av desse tilskota utgjer dei økologiske tilskota mellom kr 200–400. Dei konvensjonelle sauebruka har mindre i tilskot, og kjem derfor dårlegare ut enn øko-sauebruka.



Figur 2.13 Produksjonsinntekter og tilskot for alle gruppene

## 2.4 Oppsummering

Det er like viktig for øko-bonden som for den konvensjonelle bonden å ha ein anstendig privatøkonomi. Nokre kan leve bra av økologisk drift, medan andre slit med økonomien –slik som i resten av landbruket. Det er få av øko-sauebruka i overnemnte grupper som kan leve av drifta aleine, til det er driftsoverskotet for lågt.

Øko-sauebruka mottar mest i tilskot per vfs. Dei mottar tilskot til økologisk landbruk samt at dei har noko høgare areal- og kulturlandskapstilskot.

Bruka i øko-sau gruppe 2 har klart å halde eit lågt kostnadsnivå i perioden. Det har ført til at dei har det høgaste driftsoverskotet i høve til øko-sau gruppe 1 og samanlikningsgruppa.

Øko-bruka i gruppe 1 har eit høgt kostnadsnivå. Årsaka til det er som nemnt at fleire av brukarane i denne gruppa har full jobb ved sia av bruket, og dei har derfor vilje og evne til å investere i arbeidssparande tiltak, som nødvendigvis ikkje står i forhold til omsetninga på bruket.



# 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

---

Dette kapitlet syner ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1993 til og med 2002. Materialet er gruppert etter region, fylke, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små. Utsifting av bruk og større investeringar på einskilde bruk, kan derfor gje store utslag på resultatata for dei små gruppene. Alle resultatata i dette kapitlet er omrekna til 2002-kroner etter konsumprisindeksen.


## 3.1 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet syner utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.

### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital. Frå og med år 2002 er det føreteke ei rekneskapsmessing endring i materialet ved at det ikkje er sett inn verdi for gratisarbeid utført av slektningar/ andre. Denne endringa påverkar storleiken på driftsoverskotet i jordbruket og i skogbruket, samt nettoinntekta. På grunn av denne metodeendringa i 2002, vil ikkje driftsoverskotet vere samanliknbart med tidlegare publikasjonar. Alle åra bakover i dette notatet er rekna om etter ny metode.

Driftsoverskotet i 2002 er på kr 208 000 for Vestlandet og kr 242 000 for heile landet. Dette er ein kraftig auke i frå åra før (*figur 3.1*). Årsaka til det gode resultatet for Vestlandet i 2002 var mellom anna at fruktbruka hadde eit svært godt produksjonsår, høgare prisar på sentrale produkt som mjølk og svinekjøt, og auke i produksjonsvolum. Utviklinga for Vestlandet følgjer same trenden som resten av landet, men overskotet ligg på eit lågare nivå. Årsaka til dette er at bruka på Vestlandet er mindre enn landsgjennomsnittet.




Figur 3.1 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet

Samanliknar vi dei tre vestlandsfylka, ser vi at Møre og Romsdal og Hordaland har hatt den største auken i driftsoverskotet frå 2001 til 2002 (figur 3.2). Møre og Romsdal hadde i 2002 det beste resultatet på ni år med eit driftsoverskot på kr 264 000 i middel. Hordaland og Sogn og Fjordane hadde eit driftsoverskot i 2002 på høvesvis kr 201 000 og kr 162 000. Ulik bruksstorleik og driftsform forklarar mykje av variasjonane. Møre og Romsdal har dei største bruka og ein del av desse har driftsform mjølk/ gris som er den driftsforma som tradisjonelt har hatt det høgaste driftsoverskotet (Sjå figur 3.4). I år 2002 var det auka i pris på mjølk og svinekjøt som saman med eit stort produksjonsomfang, gav eit bra driftsresultat.


Størsteparten av fruktbruka som er med i driftsgranskingane, ligg i Hordaland. Fruktbruka hadde eit godt avlingsår i 2002, og det forklarar mykje av auken i driftsoverskot i dette fylket (sjå figur 3.4). Større innslag av bruk med sau forklarar noko av årsaka til det låge driftsoverskotet i Sogn og Fjordane.





Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka


Storleiken på vestlandsbruka har auka jamt heile perioden. Etter år 2000 har vi derfor også data for bruk over 300 dekar. (figur 3.3). Driftsoverskotet for dei største bruka i driftsstatistikken var i 2002 på kr 337 000. For bruk i storleiksgruppene 200–300 dekar og 100–200 dekar var driftsoverskotet i 2002 på kr 220 000, og på dei bruka under 100 daa, var driftsoverskotet på mellom kr 130 000 og 150 000 i gjennomsnitt. Bruka mellom 200 og 300 daa har hatt ein kraftig reduksjon i driftsoverskot gjennom perioden. Noko av årsaka er at auken i dei faste kostnadene.



Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøtt er den største driftsform på Vestlandet. Driftsoverskotet viser ein nedgang første del av perioden, deretter ein stabil periode. Siste året var det ein markert auke i driftsoverskotet for denne driftsforma.

Kombinasjonen mjølk- og svin har det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden (figur 3.4). Driftsresultatet til fruktbruka svingar frå år til år avhengig av avlingsresultat. År 2002 var eit svært godt år for fruktbruka. Årsaka til det gode resultatet var store fruktavlingar. Resultatet er det beste for fruktbruka i heile perioden målt i faste kroner. Sauebruka har framleis svakt resultat. Dei siste tre åra har sauebonden fått redusert produksjonsinntektene og det har mellom anna årsak i lågare kilopris for sauekjøttet.




Figur 3.4 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet


### 3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital per arsverk

Vederlaget syner kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp) og til forrenting av eigenkapitalen.

Dei største bruka har det høgste vederlaget gjennom perioden (figur 3.5). Det siste året har dei små bruka fått ein auke i vederlag medan dei store har fått ein reduksjon. Det må sjåast i samanheng med auken i vederlag for fruktbruka i 2002, då dei fekk det høgaste vederlaget gjennom perioden på kr 157 000 (figur 3.6). Dei andre driftsformene har hatt ein liten auke frå 2001, men ligg godt under «toppåret» 1993.



Figur 3.5 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for dei ulike storleiksgrupper




Figur 3.6 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for dei ulike driftsformene

### 3.1.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

Lønsevna per time er jamt over låg for tiårs perioden, særleg for Vestlandet (figur 3.7). Det er også stor forskjell i lønsevne i middel for heile landet samanlikna med Vestlandet.

Deler vi inn materialet for Vestlandet i fylke (sjå figur 3.8 ), ser vi at Møre og Romsdal i år 2002 ligg oppunder kr 70 i lønsevne per time, medan Hordaland og Sogn og Fjordane har høvesvis kr 63 og kr 52 i lønsevne per time i middel.




Figur 3.7 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet



Figur 3.8 Lønsevne per time for dei tre vestlandsfylka

Lønsevna for driftsformene mjølk og mjølk/ sau har halde seg stabil dei siste åtte åra (figur 3.9). Driftsforma sau har hatt ein jamt over låg lønsevne per time, med ein botnnotering i 2001 på kr 10 per time.




Figur 3.9 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

### 3.2 Effektivitetsutviklinga i jordbruket dei siste 10 ara

Ved å sjå på endringar i tal arbeidstimar i jordbruket, dyretal og areal kan vi sei noko om effektivitetsutviklinga i perioden.

Tal arbeidstimar har halde seg ganske stabilt gjennom heile perioden for dei tre driftsformene; mjølk, sau og mjølk /svin (figur 3.10). Mjølk/ svin er den mest arbeidskrevjande produksjonen, men det er også den driftsforma som har høgast lønsevne per time (jf. figur 3.9).



Figur 3.10 Tal arbeidstimar i middel per bruk for produksjonane mjølkk, sau og mjølkk/ gris

Samanliknar vi produksjonsomfang med tal årsverk kan vi sjå ein tydeleg effektivitetsauke særleg for driftsforma mjølkk/ gris (tabell 3.1). Det har vore ein markant auke i produksjonsomfang særleg på gris, utan at tal årsverk har endra seg nemneverdig.

For driftsforma mjølkk har det vore ein reduksjon i tal timar per årsku på vel 13 % (tabell 3.2). For driftsforma sau kan ein også registrere ein tilsvarende effektivitetsauke på 8 %.

Tal daa har auka monaleg for alle driftsformene gjennom perioden.

Tabell 3.1 Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma mjølkk/ gris

| Mjølkk og gris | 1993 | 1996 | 2002 | %-vis auke fra 1993 til 2002 |
|----------------|------|------|------|------------------------------|
| Areal          | 141  | 151  | 218  | 55 %                         |
| Smagris        | 40   | 64   | 157  | 292 %                        |
| Slaktegris     | 133  | 163  | 259  | 95 %                         |
| Avlsgris       | 12   | 14   | 22   | 83 %                         |
| Arskyr         | 11,6 | 11,4 | 12,6 | 9 %                          |
| Arsverk        | 2,1  | 2,2  | 2,3  | 10 %                         |

Tabell 3.2 Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma mjølkk

| Mjølkk           | 1993  | 1996  | 2002  | Endring fra 1993 til 2002 |
|------------------|-------|-------|-------|---------------------------|
| Areal            | 134   | 138   | 177   | 32 %                      |
| Arskyr           | 12,3  | 12,0  | 14,1  | 15 %                      |
| Timar per arsku  | 254   | 256   | 220   | 13 %                      |
| Mjølkk per arsku | 5 612 | 5 552 | 5 584 | 0,5 %                     |
| Arsverk          | 1,69  | 1,67  | 1,68  | 0,6 %                     |

Tabell 3.3 Produksjonsomfang og produktivitet for driftsforma sau


| Sau               | 1993 | 1996 | 2002 | Endring fra 1993 til 2002 |
|-------------------|------|------|------|---------------------------|
| Areal             | 74   | 70   | 117  | 58 %                      |
| Vinterfora sau    | 84   | 70   | 81   | 3,6 %                     |
| Timar per vf. sau | 23   | 24   | 22   | 8 %                       |
| Kjøtt per vf. sau | 22   | 24   | 23   | 5 %                       |
| Arsverk           | 1,04 | 0,9  | 0,97 | 7 %                       |

### 3.3 Totaløkonomien på vestlandsbruka

#### 3.3.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta viser realvekst i siste tiårsperioden både for Vestlandet og for heile landet. Nettoinntekta for brukarfamilien auka også siste året. Dette har årsak i auka lønsinntekt og driftsoverskot frå jordbruket (figur 3.11 og figur 3.1 ).



Figur 3.11 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet

Det er ikkje så stor skilnad mellom dei tre vestlandsfylka med tanke på nettoinntekt. Hordaland har lege noko under dei andre fylka mesteparten av perioden, men siste året hadde brukarfamiliane frå Hordaland høgast gjennomsnittets nettoinntekt.




Figur 3.12 Nettoinntekt i middel per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

I figurane (figur 3.13, figur 3.14 og figur 3.15) har vi laga ein prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien, fordelt på vestlandsfylka. Driftsoverskot og lønsinntekt utgjer like mykje av samla inntekt hjå brukarfamilien i Hordaland. I 1993 kom om lag 50 % av inntekta til brukarfamilien frå jordbruksdrift, medan lønsinntekt sto for om lag 30 %. I 2002 er 40 % av inntekta er lønsinntekt og 40 % er driftsoverskot frå jordbruket.


I Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal har utviklinga over femårsperioden vore stabil.

Det er interessant å sjå at dersom lønsinntekt og driftsoverskotet frå jordbruket vert slegne i saman, er den prosentvise fordelinga på om lag 80 % på alle dei tre fylka for alle dei fem åra. Dei resterande 20 % er fordelt på ulike pensjonar, sjukepengar, driftsoverskot i skog og tilleggsnæring og renteinntekter.




Figur 3.13 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Hordaland






Figur 3.14 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Sogn og Fjordane



Figur 3.15 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien i Møre og Romsdal

### 3.3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv lite aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På ein del bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet ligg jamt lågt, rundt kr 3–4 000 frå 1994 til 1999 (figur 3.16). Dei siste tre åra er driftsoverskotet redusert. Årsaka er låge prisar på tømmer og dermed redusert aktivitet i skogen.



Figur 3.16 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

## 3.4 Soliditet


### 3.4.1 Eigenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke nøkkeltal for å vise dette, mellom anna eigenkapitalprosenten. Det syner kor stor del av eigendelane som er finansiert med eigenkapital.


Det er vanleg oppfatning at eigenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. I materialet er alle eigarar til brukarfamilien med.

Vestlandet har redusert eigenkapitalprosenten dei siste to åra (figur 3.17). Møre og Romsdal har redusert eigenkapitalprosenten frå 71 % i 1996 til 59 % i 2002. Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt ei ganske lik utvikling dei siste to åra med ein reduksjon i eigenkapitalprosenten på om lag 6 %.

Ser vi på dei ulike driftsformene (figur 3.18), er det driftsforma mjølk/ svin som har lågast eigenkapitalprosent. Dette kan tyde på at auka investeringar er finansiert med lånt kapital (jf. figur 3.20). For dei andre driftsformene har eigenkapitalprosenten vore svært stabil gjennom heile perioden.



Figur 3.17 Eigenkapitalprosent for vestlandsfylka




Figur 3.18 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene


### 3.4.2 Gjeld

Sidan 1995 har gjelda auka for heile landet (figur 3.19). Den same trenden kan vi sjå for Møre og Romsdal. Det kan forklare reduksjonen i eigenkapitalprosenten (jf. figur 3.17 ) for dette fylket. I Hordaland og Sogn og Fjordane har gjelda halde seg stabil i gjennom heile perioden med unntak av år 2002, då gjelda auka med høvesvis kr 150 000 og kr 70 000 i middel.

Bruk med mjølk/ svin har den høgaste gjelda og lågaste eigenkapitalprosenten. Årsaka er som nemnt høge investeringar på slutten av nittitalet i samband med endra husdyrforskrifter og auke i produksjonen (figur 3.20 og figur 3.22). Frukt- og sauebruka har svært låg gjeld. Det har vore investert lite i desse driftsformene dei siste åra( jf. figur 3.22).




Figur 3.19 Gjeld i middel per bruk for heile landet og vestlandsfylka



Figur 3.20 Gjeld i middel per bruk for dei ulike driftsformene


### 3.5 Nettoinvestering

Ved på sjå på nettoinvesteringane (figur 3.21) gjennom perioden, får vi stadfesta tala over. Møre og Romsdal har den høgaste nettoinvesteringa gjennom perioden, og det er i hovudsak mjølk/ svinebruka som står for investeringa (figur 3.22).



Figur 3.21 Nettoinvesteringar for Vestlandet og dei tre vestlandfylka

I grupper med få bruk vil store investeringar på enkeltbruk i eit år gjere utslag på heile gruppe. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid. Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering kvart år sidan 1993 med unntak av 2000. Det vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet. For 2002 hadde Vestlandet den høgaste nettoinvesteringa i landet med kr 47 000 per bruk i gjennomsnitt. Det er særleg investeringar i nokre store driftsbygningar på enkeltbruk som slår ut.



Figur 3.22 Nettoinvesteringar for dei ulike driftsformene

## 4 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2002

---

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig utval av 961 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 178 bruk frå Vestlandet; 56 i Hordaland, 62 i Sogn og Fjordane og 60 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 160 dekar, 13 dekar meir enn i 2001. Arbeidsinnsatsen til familien var i 2002 i middel 2 263 timar. Dette utgjer 1,2 årsverk à 1 845 timar og er ein nedgang på 0,8 %. Leigd arbeid utgjer 755 timar, ein auke på 117 timar. Jordbrukskapitalen var i middel per bruk kr 1 096 000.

Timetalet per årsverk i jordbruket er redusert frå 1 860 timar til 1 845 timar frå 2001 til 2002. Alle resultatmål i tabellane er derfor omrekna til kr per årsverk à 1 845 timar.

### Hovudtendensar for 2002:

- Svært godt år for fruktproduksjonen
- Auke i resultatet for dei fleste gruppene
- Framleis svakt resultat i sauehaldet

I materialet for jordbruksforhandlingane er vederlag til arbeid og eigenkapital eit sentralt resultatmål. Vi har difor valt å presentere dette også frå driftsgranskingane. Dette kjem fram ved å leggje til leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå kår og renteutgifter til lånt kapital i jordbruksdrifta. Resultatet viser ein auke frå 133 000 til kr 144 200 (8,4 %) frå 2001 til 2002. Det er ikkje teke omsyn til verknad av auka skattefrådrag.

Tala frå NILF viser at lønsemda varierer med bruksstorleik og driftsform. Av dei 178 bruka på Vestlandet som er med, har 8 bruk mindre enn 50 dekar innmark, 42 bruk har mellom 50 og 100 dekar innmark, 83 bruk har mellom 100 og 200 dekar og 30 bruk er mellom 200 og 300 dekar. Tretten bruk er større enn 300 dekar. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk (1 845 timar) for dei minste bruka var kr 106 600, medan bruka mellom 200 og 300 dekar oppnådde kr 130 100 per årsverk. Ulik driftsform forklarar mykje av skilnaden i vederlag mellom gruppene.

Mjølkeproduksjon har i mange år utgjort basisen for landbruket på Vestlandet. Det er difor flest bruk i denne gruppa (85). Talet på årskyr var i 2002 i middel 14,1, ein auke på 0,7 frå

2001. Mjølkebruket har i middel 177 dekar jord, ein auke på 15 dekar jord. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk auka med kr 6 000 til kr 153 200. Dette er ein auke på 4 %. Årsaka til auken ligg i høgare prisar på mjølk samt auka produksjonsomfang.

Kombinasjonen mjølkeproduksjon/svinehald har tradisjonelt hatt best lønsemd. Siste året viser ein liten auke i resultatmåla også for denne gruppa. Dette er relativt store bruk med 218 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 13 bruk med eit middels produksjonsomfang på 12,6 årskyr, 22 purker og 259 slaktegrisar. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 161 800. Det er ein auke på 2 % frå 2001. Der er auke i prisen på svinekjøt med kr 1,37 per kg, men hovudårsaka til auken i resultatmåla frå 2001 til 2002 er auka mjølkeinntekter og auke i tilskot. Store investeringar i svinehaldet har auka produksjonsvolumet dei siste åra for denne gruppa.

Sauehaldet (20 bruk) viser ein liten framgang i 2002 samanlikna med 2001. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var i 2002 kr 52 800. Dette er ein auke på kr 5 900 frå året før. Inntekter frå kjøt- og ullproduksjon viser små endringar, medan det er auke i produksjonstilskot. Oppnådd pris på kjøt frå sau og lam er nokolunde uendra.

Frukt/sauehald (17 bruk) hadde eit svært godt resultat i 2002. Store fruktavlingar har resultert i auka inntekter for denne gruppa. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk auka med kr 57 100 til kr 157 400 per årsverk (57 %). Resultatet i fruktneringa svingar mykje frå år til år, og resultatet er til dømes 20 % høgare enn år 2000 som også var eit godt år.

Driftsoverskotet per bruk på Vestlandet var i 2002 i middel kr 208 400 mot kr 182 800 i 2001. Dette er ein auke på 14 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt eit rimeleg rentekrav for kapitalinnsatsen. For mjølkeproduksjon var driftsoverskotet per bruk kr 230 200, mot kr 203 200 i 2001. Driftsoverskotet per bruk auka med 3,5 % for kombinasjonen mjølk og svin. Det er liten auke for sauehaldet også med omsyn til driftsoverskot per bruk. For 2002 er resultatet kr 36 600 i middel, ein auke på kr 2 900 frå 2001. Driftsoverskotet gjekk opp med kr 107 200 til kr 233 000 for bruk med frukt kombinert med sau.

Driftsgranskingane viser at inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta utgjer ein stor del av samla inntekter for brukarfamilien. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket. Inntekter utanom jordbruket utgjorde i 2002 56 % av samla inntekter til familien. Går vi litt tilbake i tid, utgjorde dette 35% i 1990, 24% i 1985 og 15% i 1980.

Nettoinntekta i middel for brukarfamilien viser ein auke på 10% til kr 422 500. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, andre næringar, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Auken skriv seg frå auke i bidraget frå jordbruket og auka lønsinntekter.

Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Det var positiv nettoinvestering samla for Vestlandet (kr 47 200 per bruk i snitt). Samanlikna med resten av landet hadde Vestlandet høgast nettoinvestering i 2002. Det var positiv nettoinvestering i Hordaland og Sogn og Fjordane, medan Møre og Romsdal hadde negativ nettoinvestering. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Samla gjeld auka med kr 95 600 frå 2001, og utgjer i middel kr 791 800 for alle deltakarbruka på Vestlandet. Samla innbetaling av gjeldsrenter auka med kr 3 000 til kr 44 600.

Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreining i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 178 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.



Tabell 4.1 Samla oversikt for 2002

|                  | Tal bruk | Gj. areal i dekar | Driftsoverskot per bruk |         | Vederlag til arbeid og egenkapital per arsverk |         |
|------------------|----------|-------------------|-------------------------|---------|--|---------|
|                  |          |                   | 2001                    | 2002    | 2001   | 2002    |
| Vestlandet, alle | 178      | 160               | 182 800                 | 208 400 | 133 000  | 144 200 |
| Hordaland        | 56       | 131               | 159 500                 | 201 000 | 123 300  | 144 600 |
| Sogn og Fjordane | 62       | 144               | 152 600                 | 161 600 | 126 000  | 125 000 |
| Møre og Romsdal  | 60       | 205               | 235 700                 | 263 800 | 146 000  | 160 000 |
| Bråk < 50 dekar  | 8        | 41                | 70 200                  | 128 200 | 69 000   | 106 800 |
| « 50 - 100 dekar | 42       | 74                | 110 500                 | 144 600 | 101 900  | 122 900 |
| « 100-200 dekar  | 83       | 149               | 203 200                 | 219 600 | 145 700  | 155 200 |
| « 200-300 dekar  | 30       | 233               | 227 900                 | 219 800 | 135 900  | 130 100 |
| Mjølkeproduksjon | 85       | 177               | 203 200                 | 230 300 | 147 200  | 153 200 |
| Mjølksauelhald   | 27       | 184               | 197 100                 | 203 000 | 124 900  | 129 600 |
| Mjølksvinehald   | 13       | 218               | 355 000                 | 367 300 | 158 500  | 161 800 |
| Sauelhald        | 20       | 117               | 33 700                  | 36 600  | 46 900   | 52 800  |
| Frukt med sau    | 17       | 61                | 125 800                 | 233 000 | 100 300  | 157 400 |

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner

Tabell 4.2 Vederlag til arbeid og egenkapital per arsverk a 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2002

| r    | Tal bruk | Vederlag til arbeid og egenkapital per arsverk |         | Konsumprisindeks |
|------|----------|--|---------|------------------|
|      |          | Nominelle kr                                   | 2002-kr |                  |
| 1975 | 174      | 31 500   | 129 600 | 26,8             |
| 1980 | 156      | 65 600   | 179 700 | 40,2             |
| 1985 | 167      | 93 700   | 166 700 | 61,9             |
| 1990 | 178      | 120 800  | 158 900 | 83,7             |
| 1995 | 179      | 125 000  | 146 100 | 94,2             |
| 1998 | 173      | 130 800  | 144 000 | 100,0            |
| 1999 | 171      | 123 000  | 132 700 | 102,3            |
| 2000 | 171      | 134 000  | 139 800 | 105,5            |
| 2001 | 172      | 132 900  | 134 700 | 108,7            |
| 2002 | 178      | 144 200  | 144 200 | 110,1            |



## 5 Tabellsamling 1998–2002

---

1. Landsdeltal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, geitehald
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
14. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
15. Vestlandet, driftsformer, frukt

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 1998–2002. Det er presenterte tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Landsdelstal, Vestlandet  
Produksjonstekniske data og opnådde prisar

| Periode                                   | 1998   | 1999   | 2000   | 2001   | 2002  |
|---|--------|--------|--------|--------|-------|
| Tal bruk i gruppa                         | 173    | 171    | 171    | 172    | 178   |
| Alder på brukar                           | 46     | 47     | 47     | 47     | 46    |
| <b>Arealfordeling og avling per dekar</b> |        |        |        |        |       |
| Korn i alt, daa                           | 1,7    | 2,0    | 1,7    | 2,5    | 3,6   |
| Korn i alt, FEm per daa                   | 287    | 441    | 366    | 289    | 354   |
| Grovfôr i alt, daa                        | 120,8  | 124,3  | 130,0  | 139,9  | 152,0 |
| Grovfôr i alt, FEm per daa                | 395    | 387    | 379    | 370    | 367   |
| Frukt og bær, daa                         | 3,7    | 3,8    | 3,9    | 3,4    | 3,3   |
| Jorbruksareal i alt, daa                  | 127,6  | 131,1  | 136,9  | 147,1  | 160,2 |
| Jorbruksareal i alt, FEm per daa          | 390    | 386    | 376    | 366    | 367   |
| Leigd areal, daa                          | 33,3   | 36,7   | 38,4   | 43,5   | 50,8  |
| <b>Husdyrproduksjon</b>                   |        |        |        |        |       |
| Arskyr                                    | 8,6    | 8,8    | 8,9    | 9,1    | 9,3   |
| Omsett mjølk, liter                       | 47 025 | 47 679 | 48 840 | 49 666 | 51431 |
| Mjølkevote                                | 49 656 | 49 725 | 50 231 | 51 364 | 53991 |
| Mjølk, per årsku, kg                      | 6237   | 6118   | 6156   | 6231   | 6306  |
| Storfekjøt, kg omsett                     | 1946   | 2051   | 2190   | 2027   | 2052  |
| Tal grisekull                             | 2      | 3      | 3      | 3      | 3     |
| Slaktegris, kg omsett                     | 813    | 1039   | 1120   | 1526   | 1435  |
| Vinterfora sauer                          | 20     | 21     | 20     | 23     | 26    |
| Kg kjøt per vf sau                        | 25     | 25     | 26     | 24     | 25    |
| Ull, kg omsett                            | 97     | 98     | 101    | 126    | 125   |
| Mjølk per årsgreit, kg                    | 516    | 483    | 491    | 506    | 438   |
| <b>Arbeidsforbruk, timar</b>              |        |        |        |        |       |
| Brukar                                    | 1 912  | 1 900  | 1 923  | 1 954  | 1903  |
| Ektefelle                                 | 393    | 336    | 350    | 312    | 344   |
| Barn under 17 år                          | 26     | 33     | 40     | 27     | 16    |
| Sum familie                               | 2 331  | 2 268  | 2 312  | 2 293  | 2 263 |
| Leigd arbeid                              | 392    | 418    | 409    | 402    | 475   |
| Leigd arbeid, ubetalt <sup>4)</sup>       | 230    | 246    | 240    | 236    | 280   |
| Timar jordbruket                          | 2 953  | 2 932  | 2 961  | 2 931  | 3 018 |
| Timar skogbruket                          | 66     | 67     | 65     | 69     | 52    |
